

# Varelagerskjema m.m. til årsoppgjeret 2021

For nokre år sia utforma vi eit nytt varelagerskjema som skal vere meir lettfatteleg og enklare å fylle ut.

Vi sender ut seks skjema til dei som driv landbruk. Dei fire første skjema gjeld landbruket, viss du har anna næring i tillegg skal skjema nr. 5 og 6 fyllast ut. Driv du kun anna næring får du tilsendt fire skjema. Aksjeselskap skal ikkje fylla ut skjemaet «opplysningar til skattemeldinga».

## Landbruk

1. Varelager pr. 31.12
2. Oppgåve over dyretal 31.12
3. Opplysningar til skattemeldinga
4. Nøkkeltalsanalyse og effektivitetskontroll
5. Varelager, anna næring
6. Arbeid utført, ikkje fakturert


## Anna næring

1. Varelagar, anna næring
2. Opplysningar til skattemeldinga
3. Arbeid utført, ikkje fakturert
4. Bruk av bil i AS


## **Elektronisk levering:**

Skjemaet vi laga for nokre år sia er meir eigna til å fylla ut elektronisk i Excel, men det er framleis heilt greit å levere på papir også.

Viss du ønskjer å levere elektronisk finn du skjemaene på heimesida til Jæren Rekneskapslag. Der finn du skjemaene nedst på «hjem» sida. Opne eller last ned Excel skjemaene som passar din bedrift etter om det er jordbruk, eller anna næring du driv. **Husk å fylle ut alle skjemaene** som er sortert i de ulike fanene i Excel skjemaet. Så lagrer du skjemaet (gjerne i PDF format, men husk å få med kvar side) og sender det til oss som vedlegg til ein e-post. Sender du det inn elektronisk på e-post treng vi ikkje underskrift. På denne måten slepp du å skrive ut skjemaene og skanne dei inn igjen etter at du har signert. Men skriv i e-posten kven som er avsendar av skjemaene.



Vi har låst de cellene der det ikkje skal skrivast noko, slik at det er lett vint å hoppe frå rute til rute i skjemaet ved hjelp av tab knappen på tastaturet.



**Takk for godt samarbeid i året som har gått!**